

# ÅRSMELDING 2018

## HORNINDAL IDRETTSLAG



**ÅRSMØTE SØNDAG 10. MARS 2019**  
I HONNDALSHALLEN KL 18.00

*Utkast til Godkjenning på Årsmøtet*

Robert Grodås - leiar HIL.

# Innholdsliste

Sakliste til årsmeldinga.....	side 3
Årsmelding Hovedlaget.....	4
Årsmelding Skigruppa.....	8
Langrenn	8
Skiskyting	9
Hopp	9
Alpin	9
Årsmelding Volleyball.....	10
Årsmelding Fotball.....	11
Mini/Knøtt 6 år	14
Mini/Knøtt 7 år	15
Mini/Knøtt 8 år	16
Gutar 9 år	17
Jenter 9-10 år	18
Gutar 10 år	19
Gutar 11 år	20
Jenter 11-12 år	22
Jenter 15-17 år	23
Gutar 15-17 år	25
Senior Herrer	27
Grodås Cup	29
Årsmelding Trim- /O-gruppa.....	30
Årsmelding Friidrettsgruppa.....	33
Hornindalsvatnet Maraton.....	37
Årsmelding Barneidrettskulen.....	38
Årsmelding Hornindal Rundt.....	40

# **Sakliste til Årsmøtet**

1. Vanlege årsmøtesaker
    - a) Val av ordstyrar
    - b) Val av sekretær
    - c) Val av 2 personar til å skive under referatet
    - d) Godkjenning av innkallinga
    - e) Godkjenning av Saklista
  2. Godkjenning av årsmeldingar
  3. Godkjenning av rekneskapen
  4. Medlemskontingenten 2020
    - For 2019 er den:
      - a) Familie: 600,-
      - b) Aktiv: 500,-
      - c) Student: 250,-
      - d) Barn u/16: 250,-
      - e) Støtte: 150,-
- (forslag til endringar takast opp på årsmøtet)
5. Godtgjerdsle 2019 for styreleiaren Hornindal IL (må vedtakast årleg)
  6. Stimulansepokal 2018
  7. Heidersteikn
  8. Riving av hoppbakken på Seljeset
  9. Val
    - a) HIL-Styret m/val av leiar
    - b) HIL Undergrupper-styre
    - c) Volda Idrettsråd
  10. Innkomne framlegg

# 1. Årsmelding Hornindal Idrettslag 2018

## 1.1 - Styret si samansetting

Leiar/kasserar:	Robert Grodås	går ut/ikkje gjenval
Nestleiar:	Arve Nesdal	på val
Sekretær:	Maria Renate Lødemel	på val
Styremedlem:	Ola Sætren	på val 2020
Valnemnd:	Gruppeleiarane(Irene, Edvin, Anders, Reidunn, Lindis)	

## 1.2 - Grupper/ Utvalg/ Komitear:

### **Barneidrettskulen:**

Leiar:	Reidunn Otterdal
Kasserar:	Lars Erik Kandal
Sekretær:	Dina Yri
Styremedlem:	Reidar Lillestøl

### **Trimgruppa:**

Leiar:	Lindis T. Torheim
O-avd og nestleiar:	Amund E. Tomasgård
Styremedlem:	Kirsten Aaland - Liv Langeland Muldsvor - Rolf Taraldset
	Maren Melheim - Samuel Lien

### **Skigruppa(hoved):**

Leiar:	<i>HIL-Leiar(fung.)</i>
Kasserar:	Arild Løddøen

### **Ski-Langrennsgruppa:**

Leiar:	Silje Hjellbakk Hole
Styremedl.:	Anne Marthe Espe Turid Tronstad Marianne Seljeset
	Eline Fannemel Unni Espe
Honndalsrennet:	Anne Raftevold – Arild Løddøen m/fleire

### **Ski-Hoppgruppa(ikkje aktiv?):**

Leiar:	HiL-leiar(fung)
Styremedl.:	Stig Seljeset ? - Odd Tore Seljeset ? - Olav Sverre Gausemel ?

### **Ski-Skyttargruppa:**

Leiar:	Eline Fannemel
Nestleiar:	Roar Seljeset
Styremedl.:	Inger Marie Svingeset - Jonny Seljeset

### **Ski-Alpingruppa(ikkje aktiv):**

Leiar:	Amund Sverre Tomasgard
Styremedl.:	Leif Rune Løddøen - Leif Gausemel - Vidar Gausemel
	Ola Inge Seljeset - Ola André Lien

## **Volleyballgruppa:**

Leiar: Anders Lødemel  
Nestleiar: Erlend Sollid  
Kasserer: Anne Elin Ekornesvåg  
Sekretær: Reidunn Otterdal  
Styremedl.: Nils Paul Haugen

## **Friidrettsgruppa:**

Leiar: Irene Lødemel  
Nestleiar: Ole Perry Lødemel  
Kasserar: Ola Sætren  
Sekretær: Stine Hole  
Styremedl: Irene L. Lillestøl  
Utd.kont.: Ståle Hatlelid

## **Fotballgruppa:**

Leiar: Edvin Haugen  
Øk.medarb: Edvin Haugen  
Styremedl.: Linda K. Tomasgård - Steinar Bakka - Anne Birthe Hofseth  
Sverre Leivdal - Håvard Sollid - Marie Ingeborg Espe  
Oddvar Espe

Anlegg/Nybygg: Oddvar Espe, Bjørn Navelsaker, Tor Eivind Hofseth,  
Knut O.Grodås

Grodås cup: Steinar Bakka Knut Ove Grodås Svein Olav Solum  
Oddvar Espe Gunnar Grodås Thore Heggen

## **Revisor-HIL :**

Roger Lillestøl

## **Valnemnd Hovedstyret:**

Valnemnd: Gruppeleiarane(Irene Lødemel, Edvin Haugen, Anders Lødemel, Reidunn Otterdal, Lindis Tomasgard, Eline Fannemel, +Lars Alv Haugen)

## **1.3 - Møter/Tilstellingar:**

1.3.1 Årsmøte: 1

1.3.2 Ekstraordinært Årsmøte: 0

1.3.3 Hovudstyret: 0

1.3.4 Hovedstyret+Gruppeleiarar:

1.3.5 Andre arrangement: 0

1.3.6 Representasjon: Leiaren representerte laget ved utdeling av Stimulansepokalar-2017 under Sommarfesten i Hornindal i byrjinga av august 2018.

## 1.4 - Saker:

- 1.4.1 Talet på saker som er handsama: 1  
Tildeling av Stimulansepokal for 2017
- Silje Hjellbakk Hole
  - Edvin Haugen
  - Torje Seljeset

## 1.5 - Medlemstal:

- 1.5.1 Samla betalande medlemmar pr. 31.12.2018: 226  
1.5.2 Medlemmar over 19 år: 114  
1.5.3 Medlemmar t.o.m. 19 år: 112  
1.5.4 Antal fakturerte medlemmar: 265

## 1.6 - Særforbund:

Hornindal IL er medlem av:

Norges Skiforbund	Norges Skiskyttarforbund
Norges Volleyballforbund	Norges Friidrettsforbund
Norges Fotballforbund	

## 1.7 - Stemne, Konkurransar, Meisterskap:

- 1.7.1 Av større arrangement i idrettslaget sin regi nemner eg Hornindal Rundt, Hornindalsvatnet Maraton, Grodås Cup.  
Elles vises det til årsmeldingane til dei enkelte gruppene.
- 1.7.2 Resultat som våre utøvarar har oppnådd.  
Viser til årsmeldingane frå gruppene

## 1.8 – Mottekne midlar(hovudlaget):

1.8.1 Ekornes:	70.000,-	(2017: 60.000,-)	(2016: 40.000,-)
Grasrotandelen:	50.863,-	(2017: 53.686,-)	(2016: 56.505,-)
LAN-midl(NIF):	93.610,-	(2017: 88.414,-)	(2016: 85.081,-)
MVA-komp:	140.865,-	(2017: 152.254,-)	(2016: 123.695,-)

## 1.9 - Anlegg:

- 1.9.1 Generelt
- Idrettshallen ved skulen fungerer godt. Her er mykje aktivitet.  
Kunstgrasbana blir godt ivaretatt av fotballgruppa.  
Idrettsparken treng litt oppussing og stell. Det vil bli bestilt rensing av raudedekket våren 2019. Her skulle også blitt gjort ein innsats for å få opp reklameskilt, for å kunne få litt inntekter.
- Ved Hornindal Skisenter har snø-kanonene blitt tekne i bruk. Det har vore mykje aktivitet kring dette siste året, mange har vore i sving for å få dette opp og gå. Ein fekk snø relativt tidleg på hausten 2018, men i vinter har det ikkje kome så mykje snø som ein kunne ynskje. Dette gjer at ein står i fare for å ikkje kunne halde ope i påska 2019, ettersom den kjem så seint i år.
- Skisenteret har også det overordna ansvaret for skiskyttarstadion og blinkane i Grendadalen. Når vi (HIL) ikkje lenger har ei aktiv gruppe som kan ta seg av

vedlikehold og utvikling på dette, så kjem forfallet fort.  
Hoppbakken på Seljeset er i år på saklista. Den må rivast og der har vore synfaring av eit firma som driv med dette.

1.9.2 Vedlikehaldsarbeid som er utført:  
Viser eg til meldingane frå gruppene.

1.9.3 Kjøp av utstyr:  
Viser til meldingane frå gruppene.

## **1.10 – Oppgaver i åra som kjem:**

Vi ser at aktiviteten i skihopp, skiskyting og volleyball no er nærmast fråværande. Dette er litt trist at vi ikkje har klart å oppretthalde gnisten i disse gruppene der vi har hatt fleire gode prestasjonar opp gjennom tidene. Mykje avheng av at ein har personar som er villege til å ta ansvar, vere leiarar/trenarar. Dette er viktig framover for å halde aktiviteten oppe og gruppene i gang.

## **1.11 – Aktivitet i gruppene:**

Viser til årsmeldingane til gruppene.

## **1.12 - Rekneskap/Resultat:**

Viser til rekneskapen, og kommentarar blir gjeve på årsmøtet.

## **1.13 - Avslutning:**

HIL aktiviserar mange unge med sportsleg aktivitet. Men vi treng også ansvarlege vaksne som ser verdien av at ungane er i aktivitet. Leiar ser også at årskulla i bygda blir mindre, og at vi har ein del fråfall etter kvart som ungane blir ungdomar. Utfordringar har vi på mange felt, men vi må hugse på at det å halde ungar og ungdomar fysisk aktive, er kanskje noko av det viktigaste vi kan gjere for dei i desse åra. Eg meiner det er særst viktig at vi også framover kan oppretthalde dei tilboda vi har.

***Vel møtt på Årsmøtet - Robert Grodås - Leiar/kasserar HIL***

## 2. Årsmelding Skigruppa Hoved 2018

Grunna manglande leiar i skigruppa, har vi ikkje noko nedskrive som omhandlar skigruppa generelt. Dette er uheldig, ein skulle veldig gjerne ha hatt einkvan som kunne samordne det som er av fellessaker for skigjengen. Håpet er at ein klarar å finne ein person til dette, men i skrivande stund er ikkje noko avklart.

### 2.1 Årsmelding Ski: Langrenn 2018

På tampen av årsmøtet i mars 2017, så kom der opp eit namn på ein person som gjerne ville sjå at der blei laga til litt "skiaktivitet" komande året. Utover hausten 2017 så tok ein litt tak i dette, og det blei danna ei gruppe som skulle prøve å få til litt "bortoverski"-aktivitet i Grendadalen. Følgande Årsmelding frå denne gjengen, følger under her:

#### Årsmelding 2017-2018

##### Fokus: Skicup og Skileik for born.

###### Medlemmar i gruppa:

Anne Marthe Espe

Turid Tronstad

Marianne Seljeset

Eline Fannemel

Silje Hjellbakk Hole

Unni Espe

Vi har 3 planleggingsmøter, samt eit møte med representant for Hornindal Skisenter Amund Sverre Tomasgard. For sesongen 2017/2018 blei det planlagt 4 skileikar og 5 cuprenn. Nokre skileikar blir arrangert i samarbeid med barneidrettskulen.

Vi starta Torsdag 18.01.18 og har siste Cup-rennet Torsdag 05.04.18.

Vi meldte oss på Telenorkarusellen, og fekk fine premiar som deltakarane har fått ved start.

Vi har ynskje om å bestille pokal, eller liknande og lage ei fin premieutdeling etter siste cup-rennet.

Vi har tatt 100,- kr for kvart born som er med på ski-cup. Desse pengane har vi brukt til å kjøpe innebandy utstyr og ball, også andre ballar som ein kan bruke under ski-leiken. Vi har kjøpt inn bøtter og tennisballar som vi bruker til «ski-skyting». Vi kjøper inn og serverer varm saft når borna kjem i mål på cupen.

Vi har hatt tett dialog med trakkemannskapet og har fått flotte løyper ved både skileik og skicup, dei har også laga ski-cross bane, som er svært populær ved skileik.

Kiosken veit at vi skal være på området Torsdagane.

##### Litt beskrivelse av aktivitetar:

*Det har vore ca. 40 born ved kvar aktivitet.*

Skicup: Start registrering kl. 1730, varer til vi er ferdige, men har ofte vore ferdig før kl 19.00.

Borna får utdelt nummer og startar i rekkefølge. Tid på dei eldste, ikkje fokus på dette, men dei kan spørje om resultatet om dei ynskjer. Ulik distanse etter alder. Fokus på ski-glede.

Skileik: kl. 1730-1830. Deler borna inn i 3 ulike grupper delt etter alder. Døme på aktivitetar med ski er: Stiv heks, Alle mine duer, Ski-hockey, Stafett med "skiskyting", øve på å gå oppoverbakke, renne nedoverbakke, både med og utan hopp. Vi øver mykje utan stavar.

Med helsing

Silje Hjellbakk Hole



## **2.2 Årsmelding Ski: Skiskyttargruppa 2018**

*Det har ikkje lukkast å få ny leiar – ingen årsmelding.  
For tida «sovande gruppe»*

## **2.3 Årsmelding Ski: Hoppgruppa 2018**

*red.anm:*

Grunna manglande leiar i Hoppgruppa, har det ikkje blitt notert noko om aktiviteten her.  
*mvh Robert G.*

## **2.4 Årsmelding Ski: Alpingruppa 2018**

Alpingruppa er samansett av desse medlemmane:

Amund Sverre Tomasgard, Leif Rune Løvdøen, Leiv Inge Gausemel, Vidar Gausemel, Ola Inge Seljeset og Ola Andre Lien.

Alpingruppa har ikkje nokon aktive utøvarar. Dei som er med i styret, jobbar stort sett med å preparere løyper, både for alpint og langrenn, og drive skitrekket ved Hornindal Skisenter.

Eg viser elles til nettsida «hornindalski.no», der ein kan få god info om Hornindal Skisenter, som alpingruppa er med på å drifte. Personell inn alpingruppa er også sterkt inne i ultraløpet Hornindal Rundt som går om sommaren.

For Alpin-gruppa

Amund Sverre Tomasgard /Robert Grodås  
Fung.leiar HIL-SKI-Alpingruppa.

### **3. Årsmelding Volleyballgruppa 2018**

*Her er ikkje koma noka årsmelding i skrivande stund.*

## 4. Årsmelding Fotballgruppa 2018

Styret:	Edvin Haugen (leiar/kasserar)	Anne Birthe Hofseth
	Oddvar Espe (sekretær)	Håvard Sollid
	Steinar Bakka	Linda K. Tomasgård
	Marie Ingeborg Espe	Sverre Leivdal

### Fotballgruppa sitt arbeid

#### Generelt:

I løpet av 2018 har styret hatt 6 styremøte. Arbeidet i gruppa er godt, og mange grupper og ansvarspersonar utføre oppgåvene sine utan at det er behov for vidare oppfølging, og dermed er det ikkje behov for større frekvens på styremøta.

I fotballgruppa har vi vore heldige med lav gjennomtrekk i styret, men i år er det to personar som takkar av etter mange års innsats. Marie Ingeborg Espe og Steinar Bakka tek ikkje attval, og dermed takkar vi dei for innsatsen dei har lagt ned for fotballgruppa over mange år. Styret vil også takke alle frivillige som legg ned ein stor jobb for at born og unge i Hornindal skal kunne drive på med fotball som ein av hobbyane sine. Det er ikkje få timar med frivillig arbeid som ligg bak oss i 2018.

#### Økonomi

Fotballgruppa har god økonomi. Det står no att ei gjeld på kr. 411.072 før Stadionhuset er nedbetalt og fotballgruppa er gjeldfri.

Fotballgruppa har gjennom året fleire faste arrangement. Dette er arrangement som gjev oss viktige inntekter til drift av gruppa. Knøttetturnering (1 av 4 Kongelriketurneringar i vår sone i Indre Nordfjord), Grodås Cup og Dansegalla er døme på slike arrangement. Det blir lagt ned mykje arbeid både før, under og etter slike arrangement. Vi set stor pris på alle som stiller opp og hjelpe oss. Dansegallaen arrangerar vi i godt samarbeid med friidrettsgruppa.

#### Sportsleg

Sesongen 2018 starta med kick-off i Honndalshallen i januar. Spelarar, trenarar, oppmenn og styre var samla til ei kjekk stund, der spelarane fekk deltakarpremie for sesongen 2017 utdelt, og spelte kampar i hallen. Dette er ein fin tradisjon, og den 17. januar 2019 er det kick off for sesongen 2019.

I aldersbestemte klassar har vi hatt bra oppslutning. Likevel er det i enkelte årskull ein krevjande jobb å sette saman laga slik at flest mogleg skal få eit godt tilbod, vi ynskjer at alle som vil spele fotball skal få eit godt og tilpassa tilbod.



I haust hadde vi besøk av Jarl Torske, tidlegare assistenttrener på a-landslaget for herrar under Per Mathias Høgmo si leiing. Jarl Torske hadde ei inspirasjonsøkt og eit foredrag under tittelen "Ein betre trener med Norges Fotballforbund og Hornindal IL»

Målgruppa for denne samlinga var trenarar og oppmenn i klubben vår, samt frå naboklubbane våre.

Ca. 20 stk. møtte til samlinga som varte i ca. 3. timar. Jente og gutelaget var markørar under treningsøkta som vart gjennomført.

På seniorsida er vi fyrste gong sidan 1998 utan eit 11-ar herrelag i seriesystemet. Klubben jobbar for at det på ny skal kome på plass eit 11-ar lag, men om det skjer i 2019, eller 2020 sesongen er ikkje klart i skrivande stund.

### Samarbeidspartar

Fotballgruppa vil takke alle gode støtte spelarar for samarbeidet i 2018. [Sparebanken Sogn og Fjordane](#) har vore gruppa sin hovudsponsor. I tillegg er Adidas, Sport 1 Ytre-eide og Spar Hornindal støttespelarar som har bidrege økonomisk til gruppa.

I tillegg har vi 21 bedrifter som betalar for å ha reklameskiltet sitt på Hornindal Stadion.

Dette er bedrifter frå Hornindal, Stryn, Eid, Ringebu og Volda. Det er rett og slett fantastisk!



Styret i fotballgruppa

Hornindal 14.01.2019

**Anne Birthe Hofseth**  
**Linda Kristin Tomasgård**  
**Steinar Bakka**

**Edvin Haugen**  
**Marie Ingeborg Espe**  
**Sverre Leivdal**

**Håvard Sollid**  
**Oddvar Espe**

## Anlegg

Kunstgrasdekket på Hornindal stadion har vore i bruk i sidan 2012. Store delar av dekket er framleis «som nytt», men på den sørlege delen av bana ser vi at graset «legg seg» på visse områder. Det betyr at det blir viktigare og viktigare å fordele aktiviteten på heile bana i kamp og trening. Dette, saman med gode rutiner for vedlikehold, vil vere avgjerande for kor lenge vi klarar å holde ei bane med god kvalitet. Frå 2017 har fotballgruppa inngått avtale om årleg djuprens av kunstgraset. På den måten blir bana rensa og «lufta» som skal sikre at den held seg rein, mjuk og god å spele på. Dette i tillegg til fortløpande vedlikehold i eigen regi. Vi sloddar bana med eige utstyr jamnleg, men det er nok behov for å auke frekvensen av eigen slodding og utføre dette arbeidet endå betre i tråd med utarbeidde rutiner.

I samband med at Miljøverndepartementet har utarbeidd nye forskrifter for kunstgrasbaner gjeldande frå 01.01.2019, er det sett krav om filter på avløpskummar knytt til anlegget, med mål om å redusere svinnet av gummigranulat opp mot 98 %. Sogn og Fjordane fotballkrets har i samarbeid med lokale bankar etablert ei finansieringsordning for oppgradering av kunstgrasbaneanlegga som tilfredsstillar nye krav. Hausten 2018 har fotballgruppa kjøpt og montert 9 filter på avløpskummar på kunstgrasbana.

Stadionhuset har vore i bruk sidan 2015. Huset er mykje i bruk og ein viktig samlingsplass for fotballgruppa sin aktivitet. Vi leiger til vask som sikrar at huset er reint og fint til ei kvar tid. Skal vi i tillegg holde huset ryddig er det avgjerande at vi som brukarar fortløpande ryddar etter oss. Vi planlegg å henge opp bilder på veggane i huset. Når vi då får syne historia til fotballgruppa vil huset bli ein endå viktigare samlingsplass for oss.

Vi ser at lagerplassen i huset er for liten. Trinn 2 i byggeprosessen er bygging av lager. Det kan då vere aktuelt å sette opp eit mindre bygg, kombinert lager og garasje, ved parkeringsplassen sør om dagens bygg. Det er og vurdert å bygge eit mindre lager under overbygget mot aust inntil eit lagerbygget er på plass.

Treningsfeltet nord om kunstgrasbana vart tatt til bruk under Grodås Cup 2017. Grasdekket er av bra kvalitet og kan brukast til trening og til 5-ar og 7-ar kampar etter behov. Det er mykje arbeid med klipping av gras på dette feltet. Utstyret som vi i dag bruker til dette arbeidet fungerer dårleg og fører til mykje meirarbeid. Det kan vere eit alternativ å kjøpe ein robot-klippar som erstatning for grasklipparen som vi har i dag.

Den viktigaste inntektskjelda for drift av anlegget er reklameskilta som er sett opp rundt bana. Det er framleis plass til fleire dersom vi klarar å signere nye avtalar!

Fotballgruppa har i fleire år arbeidd med å få på plass ei avtale med Hornindal kommune for å kunne disponere den nye kommunale traktoren som er kjøpt inn til skulen. Vi har god dialog med kommunen sitt forhandlingsutval, og har tru på at vi i løpet av 2019 kjem i mål med ei avtale om disponering av denne. Tilgong til denne typen traktor vil heilt klart lette arbeidet med drift og vedlikehald av kunstgrasbana betydeleg.

Nemnda som har stått i bresjen for bygging av stadionhuset og som tek ansvar med vedlikehold av anlegga, består av Bjørn Gunnar Navelsaker, Knut Ove Grodås, Tor Eivind Hofseth og Oddvar Espe.

## 4.1 Årsmelding Fotball 2018 - Mini og Knøtt – 6 år (f.2012)

### Desse har vore med og spelt fotball i år:

Isabell Hellesø Hawkins, Synne Hole Brekke, Siril Yri Oppheim, Linnea Rørvik Lillestøl, Jakub Barreiro-Stroinski, Alex Paulauskas, Aron Weldensea, Johannes Tronstad Grodås, Elling Svarstad Espe, Joakim Lødemel og Ola Gunnar Ekblom Lillestøl

Trenarar: Reidar Lillestøl og Fernando Barreiro.

Oppmann: Reidar Lillestøl



### Sesongen

Vi starta sesongen etter kick-off med treningar inne kvar måndag frå kl. 17.30 til 18.30. Frå midten av april flytta vi treningane ut på kunstgrasbana. Det har stort sett vore godt oppmøte på treningane. Om treningane har kollidert med barneidrettsskulen sine arrangement, har vi avlyst treningane og prioritert barneidrett.

Turneringane starta i slutten av april med Eid Cup. I tillegg har vi vore med på dei 4 Konglerike-turneringane i vårt område, samt Grodås Cup. Vi har prøvd etter beste evne at dei som har vore med på turneringane har fått like mykje speletid. I tillegg har dei som har hatt lyst til å vere keeper fått prøve det, etter ei rulleringsordning (ein omgang kvar). Innsatsen har vore god gjennom heile sesongen!

Reidar Lillestøl



## 4.2 Årsmelding Fotball 2018 - Knøtt – 7 år (f.2011)

### Desse har spelt på laget:

Mateo Barreiro-Stoinski, Sigve Almenning Hjellbakk, Mathilde Veras Kobberstad, Liva Utvær Nesdal, Emma Grothaug, Susanne Muldsvor Årvik, Johanne Borthheim Navelsaker, Kristian Lillestøl, Liam Ringdal Notøy, Eliah Lødemel Lødøen (2013 mod.) og Frida Grothaug (2013 mod.)

Trenar: Marianne Kobberstad og Edvin Haugen

Oppmann: Edvin Haugen



Laget starta opp i januar med trening i Honndalshallen, og trena der til vi flytta treningane ut på kunstgrasbana i slutten av april og hadde treningar der til midten av oktober.

Laget har delteke på alle 4 Konglerike-turneringane og på Grodås Cup. Vi har hatt fokus på å ha det kjekt i lag, og at alle skal få spele omtrent like mykje.

Det er ein veldig kjekk gjeng å trene.

Treningsoppmøtet har vore bra, og med god dialog via laget si

facebookgruppe har vi avlyst treningar dersom oppmøtet blir lite, eller det har vore kollisjonar med andre arrangement.





### 4.3 Årsmelding Fotball 2018 - Knøtt 8 år (f.2010)

**Desse har vore med å spela fotball i år:**

Ivrine Tronstad Grodås, Mathilde Hole Bakke, Emine Norevik Espe, Celine Frøysa, Mathilde Muldsvor Årvik, Areeya Dethkajorn, Adele Yri Oppheim, Vilde Melvoll Muldsvor, Mikal Fjellkårstad Rygg, Jakob Gausmel Kandal og Martin Bugjerde Lillestøl.

Trenar: Svein Otto Espe

Oppmann: Anett Mari Bugjerde



Vi starta sesongen etter den kjekke «kickoffen» som var i januar. Vi hadde treningar inne i hallen kvar tysdag frå 17.30 til 18.30. Få midten av april starta vi med treningar ute på kunstgrasbana. Det har stort sett vore godt oppmøte på treningane. Ungane har ved fleire høve fått servert frukt etter trening, noko som har vore godt motteke☺.

Vi har i år vore med på fire knøtte-turneringar og Grodås Cup. Laget har bytta på å bruke dei ulike spelarane som keeper. Det er ein fin og samansveisa gjeng og vi har hatt det kjekt på treningar og på turneringane. Vi har hatt treningar ute på kunstgrasbana fram til haustferien.





## 4.4 Årsmelding Fotball 2018 - Gutar 9 år (f.2009)

G 9 har gjennomført følgjande kampar iløpet av sesongen 2018:

07.05: Bortekamp mot Tornado Måløy

28.05: Heimekamp mot Selje

11.06: Heimekamp mot Stryn 1

03.09: Bortekamp mot Stryn 4

24.09: Heimekamp mot Skavøypoll

14.05: Heimekamp mot Stryn 4

04.06: Bortekamp mot Skavøypoll

27.08: Heimekamp mot Tornado Måløy

10.09: Bortekamp mot Selje

01.10 Bortekamp mot mot Stryn 1



I tillegg til desse kampane har dei gjennomført Grodås cup og vore med på 4 av 4 konglerike turneringar.

Dei har trena saman med jente 9/10 kvar tysdag. I tillegg har vi hatt valgfri Laurdagstreningsøkt på vårsesongen. Godt oppmøte på treningar.

Når nokon ikkje har kunne vore med eller vi har trengt forsterkningar på kamp, har dei hatt god hjelp av jentene.

Det er ein kjempefin gjeng som elsker både trening og kampar.

Trenarar: Silje Hjellbakk Hole og Knut Jarle Kroken

Oppmann: Marita Nistad

## 4.5 Årsmelding Fotball 2018 – Jenter 9-10 år (f.2008-09)

Spelarane er:

Malin Melvoll Muldsvor, Thea Emilie Hole Bakke, Alida Louisa Veras Kobberstad, Cecilie Lødemel, Selma Hove Sollid, Elisebet Kanutte Lødemel og Karoline Aarflot Skjåstad.

Trenar: Silje Hjellbakk Hole

Oppmann: Helene Hole.

Dei har hatt trening stort sett kvar tirsdag ilag med gutar 9år. Kampane har vore på onsdagar. Ein kjekk og motivert gjeng. Dei har hatt nokre seiarar og nokre tap.

Dette er fyrste året desse jentene spelar i lag, det har gått veldig bra! 😊





## 4.6 Årsmelding Fotball 2018 – Gutar 10 år (f.2008)

Laget har denne sesongen bestått av spelarane: Joakim Svarstad Espe, Sokrates Stokkeland, Kevin Evensen, Mathias Espe Løvdøen, Gabriel Frøysa, Liam Amani Ngare Løvdøen og Aksel Sollid Seljeset.

Trenar: Steinar Evensen

Oppdame: Maria S Sollid



Vi har hatt treningsdag måndagar 17:30-19:00, og starta å trene inne i hallen i slutten av januar. I slutten av april starta vi å trene ute på kunstgraset, då skifta vi treningsdag til onsdagar.

Vi har vore med på kongleriketturneringer i Stryn, Loen, Eid og Honndalen. I tillegg har vi spela seriespel som 5-er lag frå mai-oktober. Pulja vår besto av Stryn, Vikane, Breimsbygda, Sandane og Hornindal. Ein heimekamp og ein bortekamp mot alle. Kampdag var måndag kl 18.

Vi ser mykje fint spel blant gutane, vi scorar mykje mål, og jobbar bra ilag som eit lag. Vi rullerer på posisjonane, og alle som vil får prøve seg som keeper.

I slutten av april var vi med på Eid-cup, og i juni var vi sjølvstøtt med på Grodås cup ☺ Foreldrene har stilt opp med køyring til bortekampar, draktvask, og kutta frukt og vore kampverter på heimekampane våre.

Vi er veldig gla for og stolte av desse flotte flinke gutte og a-lags ungdomane som stiller opp som dommarar på heimekampane våre, tusen takk!

Takk for ein flott sesong, håper alle er med vidare til neste sesong.

-Steinar og Maria-



## 4.7 Årsmelding Fotball 2018 – Gutar 11 år (f.2006-07)

Desse spelarane har vore med på G-11 denne sesongen: Mattis Ekblom Lillestøl, Lukas Olai Lødemel, Tony Kabiru Ngare Løddøen, Jon Peder Alme Brendefur, Rasmus Otterdal Heggen og Even Svarstad Espe (berre vårsesongen).

Trenar og Oppmann: Reidunn Otterdal



I haustsesongen hadde vi god hjelp av jentelaget, vi rettar ei stor takk til Evelina Sætren, Iselin Yri Oppheim, Ida Seljeset Haugen, Mathea Haugen og Martine Espe Løddøen.

Vårsesongen hadde vi to treningar i veka der Julie Madeleine Lødemel og May Britt Navelsaker hadde den eine. Dei gjennomførte mange gode øvelsar med gutane. Takk for hjelpa! På hausten har vi hatt treningar ilag med jentelaget der Jan Rune Oppheim har vore trenar. Takkar for godt samarbeid.

Vårsesongen spelte vi mest 5-ar kampar. Vi hadde mange tap tidleg i sesongen, ekstra kjekt var det då med seier over Vetem Hardbagg. Det var også ein spennande kamp mot Loen som enda uavgjort 5-5. Haustsesongen starta godt med nok ein spennande kamp i Loen. Vi låg under 3-8 etter pause, men klarte å hente oss godt inn og avslutta med nok ein uavgjort 8-8. Utruleg godt jobba!! Denne sesongen spelte vi mest 7-ar kampar og vi vann to kampar.

Eg vil seie at gutane har hatt ei veldig fin utvikling gjennom sesongen. Dei har blitt flinkare til å løfte blikket og å sentre til kvarandre. Dei jobbar godt i duellar og klarar ofte å vinne ballen. Også avslutningane har blitt betre og vi scorar mykje mål. Når ein tel over etter endt sesong er dette resultatet: Vårsesongen scora gjengen 41 mål og hausten 34 mål. Vi må seie oss godt nøgde med 75 mål tilsaman !!!

Det har vore sosialt og kjekt å vere ilag med jentene, spesielt på bortekampar har det vore god stemning i bilane. Både gutane og jentene har vore flinke til å skryte av og støtte opp om kvarandre. Det har vore ein fin gjeng å trene og vere ilag med.

Gutane deltok også med eit 7-ar lag på Grodås-cup ilag med jentene. Vi har planar om å gjennomføre ein kamp mot mødrene, håpar å få til dette før gutane blir så gode at mødrene ikkje har sjanse til å vinne...

Takk for ein fin sesong! Med helsing trenar og oppmann Reidunn Otterdal



## 4.8 Årsmelding Fotball 2018 – Jenter 11-12 år (f.2006-07)

### Spelarar som har vore med sesongen 2018:

Martine Espe Løddøen, Karen Sofie Kirkhorn, Amalie Nesdal, Eline Gausemel, Malin Gausemel Kandal, Iselin Yri Oppheim, Mathea Haugen, Ida Seljeset og Evelina Sætren.

**Trener:** Jan Rune Oppheim

**Oppmann:** Stine Hole

Vi starta med treningar inne i Honndalshallen i midten av januar og flytta treningane ut i april. Jentene har trenta 1 gang pr. veke våren og har i utgangspunktet hatt ein kamp pr. veke. Sidan gutar 11/12 ikkje har hatt nok spelarar, har jentene bytta på å være med på kamp saman med dei, noko dei syns har vore kjekt. Treningane har også no i haust vore saman med gutar 11/12, treningstid ca.90 minutt. Reidun Otterdal og Jan Rune Oppheim har vore trenara når det har vore felles trening. No i haust har også Ingeborg Sætren hatt ei tilleggstrening med jentene ein gong i veka rett etter skulen på tysdagar for dei som var interessert. Jentene har i år spela 7-ar- fotball i serien. Dei har tapt ein del, særleg i vår, men i haust har det vore meir jevnt og dei har både vunne, spelt uavgjort og tapt.



Av Cup'ar har dei vore med på Grodåscup.

Disse jentene har no spelt saman i mange år og dei har det veldig kjekt i lag. Dei gjer ein flott innsats og sørger for god underholdning. Dei er også veldig flinke å heie på kvarandre. Ein må også takke foreldrene som stiller på med køyring på bortekampar og som heilagjeng og kampvertar på heimekampane.

Takkar for denne sesongen og ynskjer alle velkommen tilbake neste år.

Oppmann, Stine Hole.

## 4.9 Årsmelding Fotball 2018 – Jenter 15-17år (f.2001-02-03-04-05)

### Desse har spelt på laget i år:

Andrine Høgalmen Støverstein, Rita Hamre Lødemel, Julie Madeleine Lødemel, Siri Oline Lillestøl, Lotte de Backer, Sigrid Tisthamar, Fredrika Sægrov, Tiril Haugen, Laura Haugen, Grete Lene Tvinnereim, Oline Lødemel, Malin Grothaug Myklebust, Malin Ytrebø Storevik, Live Sollid, Emma Dorthea Lødemel, Tara Mari Hovden, Ingeborg Sætren og Sofie Høgalmen Støverstein

**Trenarar:** Marianne Vellene, Atle Myklebust og Lars Alv Haugen

**Oppmann:** Liv Bente Grothaug



Jentene starta med ei trening inne hallen i januar og flytta etter kvart ut på kunstgrasbana. Jentene har vore 17 spelarar på trening gjennom heile året og det har vore svært godt framøte (1 spelar slutta i løpet av sesongen). Då vi starta med treninga ute auka vi opp til to treningar i veka. Vi har hatt kampdag måndagar og trening tysdagar og torsdagar.

I vinter deltok vi på KM i futsal for jenter 14 og 15 år. Der gjekk 15-års laget vidare til sluttspel på Sandane der dei enda på 4. plass.

Denne sesongen har vi spelt 11-ar fotball. I vårserien var 5 lag med og Hornindal kom til slutt på 5. plass. Vi spelte 8 kampar. Det vart 2 singlar og 6 tap. Til tross for ein del tap spelte jentene mange gode kampar. Vi hadde eit svært ungt lag i forhold til dei andre laga.

I haustsesongen var 7 lag med. Sidan vi spelte 11-ar blei det ikkje 2 avdelingar og vi måtte spele ilag med mange andre gode lag og fekk nokre lengre reiser. Men det var greitt å møte lag som ein ikkje spelar mot elles. Krinsmeistrane vart kåra ut frå eit plasseringsspel til slutt. Det blei spelt 7 kampar og dessverre tapte vi alle kampane! Uansett også i haustsesongen

spelte jentene mange bra kampar resultat til slutt var ikkje alltid heilt fortent. Det var ein spennande sesong og veldig kjekt at vi klarte å stille med 11-ar lag. Dette resulterte i mykje speletid for spelarane noko som er svært viktig.

I tillegg har vi spelt fleire treningskampar mot gutane (G15/17), mot Volda/Folkestad og Stryn. Fleire av jentene har gjennom heile sesongen vore med gutelaget på kampar når dei har vore for få spelarar. Dette var noko jentene likte veldig godt og dei har fått større utfordringar fotball-messig.

Vi har servert frukt på alle heimekampar og det har vore svært godt motteke av dei besøkjande laga.

I år har laget delteke på éin cup, det var Sparebanken Vest Cup i Nordfjordhallen. Elles var det var vanskeleg og finne cupar J 15/17 kunne delta på, det er få arrangerte cupar på dette alderstrinnet. Nokre av dei yngre spelarane deltok på Grodås Cup ilag med G 13/14 år.

### **Sone og kretsleg:**

Vi har denne sesongen hatt med nokre av jentene på sone/akademilag i Nordfjord. Tara Mari Hovden og Emma Dorthea Lødemel har vore med heile sesongen på akademilaget til Nordfjord for jenter 14 år. Emma Dorthea Lødemel blei også spelt på kretsleg til Sogn og Fjordane for jenter 14 år. Ingeborg Sætren og Sofie Støverstein har vore med på sonelag for Nordfjord 13 år. Ingeborg har spelt på kretsleg til Sogn og Fjordane, for jenter 13 år. Ingeborg blei også tatt ut på Team Sogn og Fjordane.



Vi har ikkje per dd. avslutta sesongen 2018. Jentene ville fortsette å trene 2 gongar i veka etter sesongslutt. No er det organisert trening kvar tysdag.

Vi kan elles nemne at jentene har vore svært flinke til å stille på når det har vore dugnadar i regi av fotballgruppa, godt jobba jenter!

Vi vil takke Sigbjørn Hamre som har lånt vekk bussen sin til bortekampar. Dette har vore svært sosialt og kjekt for jentene. Takk til foreldre for køyring, fruktservering og godt oppmøte på heimekampane.

Takk til dommarane for god dømning.

Tusen takk til spelarane for ein god og kjekk sesong. De er ein super gjeng å vere saman med!

Fotballhelsing frå;

Liv Bente, Atle, Marianne og Lars Alv



## 4.10 Årsmelding Fotball 2018 – Gutar 15-17år (f.2001-02-03-04-05)

### Desse har spelt på laget heile eller delar av sesongen:

Olander Norevik Espe, Laurits Otterdal Heggen, Endre Gausemel, Preben Røberg, Olav Aasgaard Kirkhorn, Andreas Sollid, Ruben Støverstein, Odd Helge Muldsvor, Sander Bruheim, Chrisander Øen, Roar Gausemel, Nataniel Heggen, Severin Otterdal Heggen, Fredrik Myklebust, Jonas Røberg og Mathias Grodås.

**Trenarar:** Gunnar Grodås, Steinar Bakka, Svein Otto Espe og Tom Øyvind Solheim

**Oppmann:** Linda Kristin Tomasgård

Gutelaget har hatt 3-4 treningar i veka sidan januar. I kampsesong 3 treningar + 1 kamp i veka. Totalt har laget hatt rundt 130 aktivitetar denne sesongen. På grunn av knapt med spelarar i nokre aldersklassar, vart det utfordrande å stille både smågutelag og 11ar senior lag. Det vart difor satsa på gutelag, og på laget har det vore gutar i alderen 13-17. Det er stor sprik i alder og ein har prøvd å tilrettelegge for alle. Antal spelarar har gjennom sesongen variert. Ein har hatt spesielt fokus på å byggje ei positiv og utviklande treningsgruppe, der det å trene skal vere kjekt og gjevande. Skal ein ha utvikling må ein sjølvstøtt trene mykje, men utan å ha det gøy på trening og rundt fotballen blir det heller ingen utvikling! Fotballmessig er det ballbehandling og handlingsvalg som har vore fokus.

Gutane har synt veldig bra treningsoppmøte, og stemninga har vore god. Dei har også spelt saman med jentelaget og hatt sosiale samlingar saman med dei. På Grodås Cup og Kongleriket turnering, har dei stilt opp som dommarar. Veldig bra! Takk til foreldre som har stilt opp som kampvertar, sjåførar og heiagjeng!

Resultatmessig har sesongen vore prega av opp og nedturar. Tross varierende resultat har gutane hatt god utvikling både som lag og som enkeltspelarar. Spesielt i haustsesongen leverte laget mange flotte kampar, der spesielt heimesigeren mot Jølster blir ståande som årets prestasjon. Serien har vore 9/7 ar serie, noko som har gjort at spelforma kan endre seg frå kamp til kamp. Laget har uttrykt stort ynskje om å spele 9ar, då vi har vore nok til det, heile sesongen. Det har vore positivt med tanke på 11ar seinare, speletid og utvikling generelt for spelarane. Keeperane har i hovudsak vore Laurits og Andreas og dei har bytt på å stå i mål.

Vårsesongen var det seks lag påmelde, og fem kampar:

<b>Tabell (poeng):</b>	<b>Resultat:</b>
Vikane (15)	04.05: Hornindal – Stryn: 1-0
Eid (9)	09.05: Selje – Hornindal: 7-4
Selje (9)	01.06: Eid – Hornindal: 3-2
Hornindal (4)	08.06: Hornindal – Breimsbygda: 3-3
Breimsbygda (4)	13.06: Vikane – Hornindal: 7-3
Stryn (3)	

I løpet av sommaren, trekte fleire lag seg, både i vår avd. og i andre avd. i fylket og det vart endringar i avdelinga vår. Haustsesongen hald fram med seks lag, men med dobbel serie som gav 10 kampar. (tabellen fortset på neste side)

<b>Tabell (poeng):</b>	<b>Resultat:</b>
Vikane (28)	24.08: Vikane – Hornindal : 8-2
Jølster (15)	28.08: Jølster – Hornindal 9-0
Eid (13)	06.09: Hornindal – Eid: 4-8
Stryn (11)	20.09: Hornindal – Stryn: 7-1

Breimsbygda (9)	26.09: Breimsbygda – Hornindal: 5-2
Hornindal (9)	01.10: Hornindal – Jølster: 3-2
	15.10: Hornindal – Vikane: 6-9
	19.10: Eid – Hornindal: 10-4
	26.10: Hornindal – Breimsbygda: 5-3
	02.11: Stryn – Hornindal: 12-3



Vi gler oss til å sjå gutane i ein ny sesong, då med sikte på 11ar serien. Ein fortset med treningar gjennom vinteren og fram mot neste sesong. Gutelaget og jentelaget reiser på treningsleir til Italia påska 2019. Laget består av ein hærleg gjeng som vil utvikle seg mykje om dei held fram med godt treningsoppmøte, humør og innsats på trening!

Linda Kristin Tomasgård ☺

## 4.10 Årsmelding Herrar 2018 (7-ar fotball)

### Desse spelte for laget i løpet av sesongen:

Fredrik Myklebust, Mathias Grodås, Jonas Røberg, Martinus Espe, Antonio Heggen, Håvard Sollid, Sturla Løvdøen, Severin Otterdal Heggen, Kristian Haugen, Torbjørn Flåm, Bjørnar Taraldset, Aleksander Taraldset, Tom Øyvind Solheim, Jan Rune Oppheim, Edvin Haugen, Magnus Seljeset, Anders Elling Kristensen og Verner Myklebust.

For fyrste gong sidan sesongen 1998 var vi utan eit 11-ar lag i seriesystemet på herresida. Vi melde på eit lag i 7 div. som er turneringsbasert og spelar 7-ar fotball. Det vart gjennom sesongen spela 4 turneringar. Motstandarane var: Svelgen, Fanaråk-Luster, Balestrand og Atløy.



Hornindal sitt lag etter ei turnering i Svelgen.

Bak frå venstre: Fredrik Myklebust, Tom Øyvind Solheim, Magnus Seljeset, Martinus Espe.

Framme frå venstre: Edvin Haugen, Severin Otterdal Heggen, Torbjørn Flåm, Jonas Røberg og Jan Rune Oppheim.

Laget spelte følgande kampar på 3 ulike turneringar. Til turneringa på Atløy stilte vi ikkje lag.

Hornindal – Svelgen	6-2
Hornindal – Fanaråk	3-4
Hornindal – Balestrand	0-3 (walk-over for Balestrand då vi ikkje stilte lag)
Balestrand – Hornindal	1-6
Fanaråk – Hornindal	4-1

Svelgen – Hornindal 1-4

Tabellen enda slik:

<b>Lag/plassering</b>	<b>V</b>	<b>U</b>	<b>T</b>	<b>Mål</b>	<b>Poeng</b>
1. Svelgen	4	0	2	30-18	12
2. Fanaråk	4	0	2	22-23	12
3. Hornindal	2	0	4	16-19	6
4. Balestrand	2	0	4	16-24	6
5. Atløy	0	0	0	0-0	0

*(Atløy trekte laget sitt frå serien.)*

## 4.10 Årsmelding Grodås Cup 2018

Manglar denne.....

## 5. Årsmelding Trim og O-gruppa 2018

### Styret:

Leiar: Lindis T. Torheim - Hovudgruppe/trim  
Nestleiar: Amund E. Tomasgard - O-avdeling/nestleiar  
Styremedl: Samuel Lien, Liv Langeland Muldsvor,  
Maren Melheim, Rolf Taraldset, Kirsten Aaland.

### Fjelltrimmen i Hornindal

Sesongen 17/18 vart siste år med manuell teljing av fjelltrimpoeng. Det har vore ein formidabel jobb å gjennomgå bøkene for å kome fram til ei resultatliste i fjelltrimmen. Frå start av ny sesong 11.9.2018, tok vi i bruk systemet «Georeg». Ein lastar ned appen «Georeg» på smarttelefonen sin, deretter registrerar ein seg med brukarnamn og passord på georeg.no. Her finn ein og meir informasjon om bruken av systemet. «Georeg» har og ei facebook side der ein finn informasjon og kan stille spørsmål. Vi håpar mange tek i bruk systemet. Dei som ikkje gjer dette, og likevel forventar å bli rekna med i fjelltrimmen, må sjølve halde teljing med poenga sine, og levere oversikt til trimgruppa når sesongen er slutt. Bøkene blir på trimpostane som før. Dei som brukar «Georeg» treng ikkje skive seg i bøkene. Andre skriv seg i bøkene som før, og nummererer turane sine. Sviktar telefonen eller det oppstår andre problem, er bøkene ein backup for dei som nyttar «Georeg». Ein må då melde frå om poeng og dato for besøk som ikkje er registrert i « Georeg» ved sesongslutt. Informasjon og reglar for fjelltrimmen m.m finn ein på Honndalsportalen under trimgruppa.

### Besøk registrert på trimpostane:

Trimpost	Besøk 2018	Besøk 2017	Trimpost	Besøk 2018	Besøk 2017
Kjøsahalsen 1	3338	4591	Muldsvorhornet 5	432	288
Vikasætra 1	1684	2223	Blåvatnet 2	1183	664
Middagsfjellet 5	625	657	Sandfjellet 6	663	658
Kirkhornsætra 1	3734	4849	Tussen 3	1224	1039
Sætrehornet 4	758	1041	Storesætra,ski 1	4733	3335
			Hornindalsætra ski 1	1372	526
Storehornet 6	333	436	Høgenibba 8/4	408	647
Gulekoppen 10	243	365	Kviven 4	211	328
Dauremålhornet 4	427	426	Otterdalskardet 5	132	157
Holskardsætra 2	556	782	Otterdalsætra 2	638	610
Kupa 2	260	260	Ytrehornsnakken 3	1434	1775

## 10 på topp i fjelltrimmen 2018:

	<b>Jenter tom 16 år</b>	<b>Poeng</b>		<b>Gutar tom 16 år</b>	<b>Poeng</b>
1	Live Sollid	661	1	Arild Holmøy Østerbø	291
2	Siri Oline Lillestøl	230	2	Laurits Otterdal Heggen	141
3	Grete Lene Tvinnereim	194	3	Edvin Holmøy Østerbø	126
4	Amalia Utvær Nesdal	95	4	Viktor Holmøy-Wang	119
4	Helene Ekrheim Haugen	95	5	Severin Otterdal Heggen	117
5	Laura Haugen	85	6	Nikolai Sætren	112
7	Sonja Holmøy-Wang	82	7	Rasmus Otterdal Heggen	65
8	Kaja Ekrheim Haugen	75	8	Aksel K. Sollid Seljeset	51
9	Sina Utvær Nesdal	65	9	Emil Haugen	41
10	Liva Utvær Nesdal	64	10	Mattis Ekblom Lillestøl	35

	<b>Damer</b>	<b>Poeng</b>		<b>Herrar</b>	<b>Poeng</b>
1	Anne Raftevold	831	1	Nils Haugen	1338
2	Irene Lødemel	768	2	Knut Lillestøl	1265
3	Irene Skulstad Løddøen	545	3	Jon Otterdal	972
4	Gerd Haugen	467	4	Einar Arne Seljeset	498
5	Liv Kari Holmøy	377	5	Robin Grodås	474
6	Norunn-Helene Holmøy-Wang	298	6	Kåre R. Haugen	421
7	Randi Houm Otterdal	292	7	Rasmus Sollid	346
8	Anne Kristin Tronstad	291	8	Egil Seljeset	325
9	Rira Brendefur Espe	272	9	Per Knut Aaland	315
10	Gro Mikalsen Hundeide	258	10	Jon Åge Torheim	298

## Supertrimmen = Besøkt alle trimpostane

Disse har meldt seg på og fullført trimmane tilknytt trimpostane i år. Er det nokon som har fullført og gløymt å melde seg på kan det fortsatt ordnast.

Send ein e-post til: [ltorheim@hotmail.com](mailto:ltorheim@hotmail.com)

**Gutar** : Viktor Holmøy-Wang, Lauritz Otterdal Heggen, Severin Otterdal Heggen, Arild Holmøy Østerbø, Edvin Holmøy Østerbø..

**Jenter**: Helene Ekrheim Haugen, Kaja Ekrheim Haugen, Amalie Utvær Nesdal, Grete Lene Tvinnereim.

**Damer**: Wenche Elvegård, Turid Tryggestad Espe, Helga Fannemel, Linda Fotland Fænn. Gerd Haugen, Karina Haugen, Margun-Katrin Haugen, Anne Birthe S. Hofseth, Liv Kari Holmøy, Norunn Helene Holmøy-Wang, Ellen Kirkeeide, Eldbjørg Gausdal Kobberstad, Siv Kristensen, Åse Lund, Elisabeth Gamlem Lødemel, Irene Lødemel, Irene Skulstad Løddøen, Oline Løvlid, Lisbeth Kirkhorn Melsåsen, Brynhild Lund Notøy, Randi Houm Otterdal, Anne Raftevold, Anne Grete Oppheim Seljeset, Åshild Nordang Seljeset, Anne Sollid, Marianne Taraldset, Lindis T. Torheim, Bodil Tvinnereim, Anne-Marie Ytrebø, Oddhild Haugen Øye, Kirsten Aaland, Marthe Aaland

**Herrar**: Jørn Brendefur, Olav Gausemel, Endre Haugen, Inge Asbjørn Haugen, Kåre R. Haugen, Nils Haugen, Thore Heggen, Jan Kristensen, Knut Lillestøl, Knut Lunde, Oddvin Løddøen, Ola



Lødøen, Karsten Oppheim, Rune Otterdal, Helge Rutledal, Einar Arne Seljeset, Lars Seljeset, Anders Svor, Ola P. Svor, Rolf Taraldset, Paul O. Tomasgard, Jon Åge Torheim, Harald Vartdal, Per Knut Aaland.

### **Juniortrimmen = Besøkt 10 av trimpostane**

Liva Marie Utvær Nesdal, Sina Pauline Utvær Nesdal, Kristoffer Espe Hundeide.

### **Seniortrimmen = Besøkt utvalde trimpostar**

Kåre R. Haugen

### **Idrettsmerket**

8 personar gjennomførte og klarte krava til idrettsmerket i 2018. Disse er som følgjer (antall gongar gjennomført prøve bak): Nils Haugen (53), Inge Asbjørn Haugen (41), Pål Heggen(47), Kåre R. Haugen (44), Irene Lødemel (27), Ragnhild Lødøen (61), Anne Raftevold ( 43), Anne Sollid (35).

### **Hornindal Rundt**

Trimgruppa var med-arrangør for Hornindal Rundt. Viser til årsmeldinga for løpet.

For Trim og O-gruppa  
Lindis T. Torheim



## 6. Årsmelding Friidrettsgruppa 2018

Styret har vore samansett av:

**Leiar:** Irene Lødemel

**Nestleiar:** Ole Perry Lødemel

**Kasserer:** Ola Sætren

**Sekretær:** Stine Hole

**Styremedl:** Irene Løvdal Lillestøl

**Utdanningskontakt:** Ståle Hatlelid

Friidrettsgruppa har siste år hatt 5 styremøte, og ein del ekstra gruppemøte i forbindelse med enkelte arrangement.

### **Treningar:**

Vi har hatt 2 treningar i veka i Honndalshallen vinter/vår og haust. Styrketrening på onsdagar med opptil 20 ungdomar med, friidrett på fredagar. Ole Perry, Ståle og underteikna har hatt ansvar på desse treningane. Fredagane har det vore minkande oppmøte fram til i sommar. Då har fleire yngre barn kome med, og treningane har fått meir preg av friidrettsleik. Men tilpassa meir spesiefikk trening for dei eldste.

### **Stafettar**

Hornindal IL har gode resultat å vise til i stafettar dei seinare åra.

På Oldenstafetten 22.april deltok vi med eitt jentelag og eitt gutelag. I jenteklassa vart det førsteplass med laget; Ingeborg Sætren, Iselin Yri Oppheim, Live Sollid, Evelina Sætren og Sigrid Tisthamar. HIL har vunne dei 6 siste åra i jenteklassa!!!

Gutane tok ein fin 6. plass, med laget; Nikolai Sætren, Aksel Seljeset, Torje Seljeset, Tony Kabiru Løddøen og Lukas Lødemel.

På Breimsstafetten 29. april hadde vi eitt jentelag som kjempa bra. Men laget er ungt, så dei kjem nok sterkare tilbake. Jentene vart nr 6. Jentelaget besto av; Emma Dorthea Lødemel, Karen Sofie Kirkhorn, Evelina Sætren, Martine Espe Løddøen, Sofie Støverstein, Tara Mari Hovden, Ingeborg Sætren, Iselin Yri Oppheim

Kraftprøva som blir arrangert i forkant av stafetten kan lokke med pengepremiar til vinnarane. Hornindal stilte med 2 løparar. Kvinneklassa vart vunnen av Mariell Taraldset og jenteklassen av Ingeborg Sætren. Raske og sterke jenter!!

HIL fekk med utøvarar på kretsaget som

reiste på Lerøyleikane, Osterøy 8. og 9. sept. Og vi fekk med ein leiar, Stine Hole.



### **Eigne arrangement:**

Vi har også i år hatt mange arrangement.

Terrensløp 20.april samla 12 deltakarar frå HIL. Løypa gjekk på og rundt idrettsparken.

Tinestafetten i mai samlar mange deltakarar frå skulane i Nordfjord, der stiller friidrettsgruppa med funksjonærar ilag med skulen.

Honndalsleikane vart arrangert 2. juni på Hornindal Idrettspark.

Det samla 36 deltakarar frå Nordfjord, Sunnfjord og Sunnmøre. Men vi fekk kollisjon med eit stemne i Ørsta denne



dagen som var svært uheldig. Vi treng mange funksjonærar for å avvikle eit stemne, men med velvilje folk så går det greit. Stemnet gjekk greit, fekk gode tilbakemeldingar frå både deltakarar og publikum. Gledelig var det at fleire unge frå Hornindal deltok.

#### Lagsmeisterskap

for HIL vart arrangert på idrettsparken fredag 28. september. Vi samarbeidde med trimgruppa så utøvarane kunne ta idrettsmerke samtidig som dei deltok i lagsmeisterskapen.



16 deltakarar var med på lagsmeisterskapen.

Nissemarsjen 26. des samla 32 deltakarar. Dette er koseleg hyggestund der vi først går ein tur og så samlast til vi i Honndalshallen etterpå med gløgg og premieutdeling. Eg vil nytte høvet å takke for fine sponsorgåver frå lokale butikkar som vart gitt til 17 glade vinnarar!

#### **Sportslege resultat:**

HIL har hatt 3 deltakarar på kretslagssamlingar på Byrkjelo stadion; Torje Seljeset, Live Sollid og Ingeborg Sætren. Dei har hatt fleire fellestreningar med lovande friidrettsungdom frå kretsen med godt kvalifiserte trenarar

Ingeborg Sætren deltok på ENIRO-leikane i Florø 17. mars der ho kom heim med 4 nye personlege rekordar. Ho vann alle øvingane ho deltok i; 60 m på tida 8,48- fekk bestemannspremie på løpet som gav 978 tyrvingpoeng.

Ho hoppa 4,73 m i lengde, som gav bestemannspremie i hopp med 943 tyrvingpoeng. 100 m sprang ho på 13,8 sek, og 3 kg kule støta ho 9,06 m.



KM i Terrensløp Sandane 15. april stilte Live Sollid i klasse J15 på 1100m og vart kretsmester. Det same vart Ingeborg Sætren som sprang 550 m i klasse J13.

Vik i Sogn 20. mai. Førsteplass til Ingeborg Sætren i 60 m, lengde og kule.

Postvegløpet, eit 6 km langt landevegsløp som vart vunne av Live Sollid i jenteklassa 13-15 år, og Torje Seljeset vart nr 2 i guteklassa 13-15 år. Eline Fannemel vart nr 2 i kvinneklassa 19-34 år, og Inge Asbjørn Haugen nr 6 i klasse 60-69 år. .

Sparebankleikane på Byrkjelo 9- og 10. juni. Ingeborg vann klasse 13 år i kule, nr 2 på 60 m. Evelina Sætren sprang 60 m og hoppa lengde, med godt resultat

KM i Førde 15. sept; Ingeborg Sætren deltok på 60 m, men vart skada. Kom likevel i mål på andre plass.

Lerøyleikane på Osterøy samla dei beste 13 og 14-årige utøvarane i Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Der deltok Torje Seljeset og Ingeborg Sætren for kretslaget. Ingeborg tok heim ein 2.plass i lengde og 60 m, 4.plass i kule og tresteg.

Torje vart nr 5 på 1500 m, nr 4 på 1000 m kappgang , nr 10 på 600 m,

Vi har hatt få deltakarar som deltek på stemner omkring i regionen siste år. Men vi har talenta. Og fleire som presterer på høgt nivå. Vi har fleire unge som deltek på treningar, så håpar dei har interesse for å delta også på stemner etterkvart.

Vi må nevne vår evigunge maratonmann Inge Asbjørn Haugen!

Han har i år sprunge 20 maratonløp. Han har i løpet av 2018 kome opp i 577 løp. Ein fantastisk rekord!!

### **Motbakkeløp/Ultraløp**

Vi har nokre unge lovande utøvarar som deltek i ein del ultraløp og med framifrå prestasjonar. Her følgjer ein del resultat;

#### Stadlandet Rett Vest:

- Nr 1: Rasmus Haugen

#### Bergen Fjellmaraton:

- Nr 9: Kristoffer Haugen
- Nr 11: Rasmus Haugen

#### Hornindal Rundt - Halvt løp:

- *Herrer*

Nr 2: Kristoffer Haugen

- og med **ny løyperekord!!!**

Nr 3: Rasmus Haugen

( NB! Førstemann i mål sprang ikkje heile løypa)

- *Damer*

Nr 1: Live Sollid

#### Nuken Opp og neatte

Nr 2: Kristoffer Haugen

#### Urke challenge

Nr 3: Rasmus Haugen

#### Romsdalseggen-løpet

Nr 1: Rasmus Haugen -for andre år på rad

#### Bessegg-løpet

Nr 1: Rasmus Haugen

Nr 3: Kristoffer Haugen



**Andre arrangement:**

Dansegalla arrangerte vi 24. og 25. august ilag med fotballgruppa. Det vart eit svært vellukka arrangement. Med fest på fredag og laurdag i Honndalshallen og konsert inkl. servering på Sanden på dagtid laurdag, samt organisering av bubilcamp er dette eit stort arrangement for oss.

Vi har gjennomført den obligatoriske vårdugnaden på idrettsparken, fått fjerne rusk og småstein frå dekket. Samt fjerna mykje oppsamla skrot langs heile området rundt. Elles har vi siste år fått fjerna litt meir skog nord for idrettsparken. Håpar vi dermed slepp at raudedekket gror att av mose. Må få meir jernsulfat og spyla raudedekket neste år, samt prøve igjen på å få lagt torvtak på tidtakarbua.

Vi må også forsøke oppdatere friidrettsdommarane våre det komande året. Alle dommarar må ha oppfriskingskurs kvart 4. år for å vere oppdaterte. Men vi må også prøve få med yngre krefter, då vi har ein del dommarar som har gitt seg.

Satsar også å få på plass nytt elektronisk tidtakarsystem på idrettsparken komande år. Dette vil forenkle jobben med å arrangere stemner. Vi vil også kunne få godkjente resultat med vindmåling og elektroniske resultat. Men det kostar ein del, og håpar å få på plass økonomien til denne investeringa.

Eg vil få takke utøvarane for flott innsats i året som er gått, takk til foreldre som stiller opp. Håpar mange unge held oppe gnisten for å delta på trening og konkurransar.

Ei stor takk til trenarane og resten av styret som er med på å dra lasset. Vi vil vere eit godt team som jobbar for å gje ungane gode opplevingar, vennskap og meistringsfølelsar . Håpar å få mange på laget også i åra framover.

Hornindal 12 . januar 2019

Irene Lødemel, leiar friidrettsgruppa



## 7. Årsmelding Hornindalsvatnet Maraton 2018

Laurdag 28. Juli arrangerte vi maraton for 27. gong. Maratonløypa går no via Idrettsparken til Otterdal, 4 runder. Halvmaraton 2 runder, 10 km ei runde og minimaraton går der den alltid har gjort; via Sanden, rundt Urdene og tilbake til idrettsparken. Dette er blitt ei populær løype, då den er svært publikumsvennleg, løparane møter kvarandre, lett å administrere drikkestasjonar, nydeleg utsikt, mindre trafikk.

I fjor innførte vi ein premie på 1000,- kr til ein av deltakarane 16 år og yngre, som deltok på minimaraton for å prøve auke deltakarantallet- det hadde god effekt då. Men siste år gjekk deltakarantallet drastisk nedover- på alle distansar.

Vi har dårleg lokal deltaking, så der har vi ein jobb å gjere for å få fleire med.

I år var det ekstremt varmt sjølve løpsdagen, og med strålande sol. Dette gjorde sitt til at fleire korta ned på løpslengda, og vi fekk nokre som braut løpet pga overoppheting. Men vi hadde vatn til nedkjøling på alle drikkestasjonane og ein dusj ved Honndalshallen. For dei fleste gjekk det greit å gjennomføre.

**91 deltakarar** fullførte dei 4 distansane.

-22 stk på maraton

- 20 stk på 10 km

-26 stk på halvmaraton

- 23 stk på minimaraton

**Vinnar maraton:**

Mona Grindberg, Verdal FK

3.17.25

Hans Chr. Aarnes, Nittedal IL

2.54.50

**Vinnar halvmaraton:**

Malene Njaastad, IL Gular

1.37.42

Jan Billy Aas, Kråkstad IL

1,31.25

**Vinnar 10 km:**

Emilie Flo Stavi, Stryn T&IL

41,35

Rune Opem, Dalebrand IL

32,49

Inge Asbjørn Haugen har fullført alle 27 maratonløpa i Hornindalsvatnet maraton. Desse har fullført alle løpa på ulike distansar; Anne Raftevold, Nils Haugen og Olav Rune Seljeset, alle Hornindal IL

Vi vil få takke alle våre trufaste funksjonærar som stiller på. Og lokale sponsorar som bidrar med flotte premiar.

Gode medhjelparar er grunnleggande for at vi år etter år kan arrangere HVM.

Takk også til Inge, Olav Rune, Anne og Ståle for arbeidet dei legg ned, og med sin kompetanse og erfaring gjer det enklare å gjennomføre dette arrangementet.

Velkomne til det **28. Internasjonale Hornindalsvatnet maraton 27. juli 2019!**

**For Hornindalsvatnet Maraton - Irene Lødemel**

## 8. Årsmelding Barneidrett-Skulen 2018

Styret:

Reidunn Otterdal – leiar

Reidar Lillestøl - sekretær

Lars Erik Kandal – kasserar

Dina Yri – styremedlem

Barneidrettskulen har gjennomført ulike aktivitetar og opplegg i året som har vore.

VÅRHALVÅRET HADDE VI 58 PÅMELDE BARN FRÅ 1. TIL 6. KLASSE.

DETTE ER AKTIVITETANE VI GJENNOMFØRTE:

Dette året har vi samarbeidd med skigruppa, og hatt tre kveldar med skileik i Grendadalen. Vi takkar for at vi fekk vere med. Vi har også hatt ein kveld i skitrekket der medlemmane våre fekk renne gratis. Takk til skisenteret. Det vart to kveldar i hallen med aktivitet. Vi starta med hauk og due for alle og delte deretter gruppa i to slik at aktivitetane vart tilpassa alder på barna. Vi hadde ulike leikar med og utan ball. På våren vart det tre turar til Stryn for å bade. Dette er ein populær aktivitet som heile familien kan vere med på. Fleire barn stilte også opp for å prøve skiskyting på stadion i Grendadalen. Takk til skiskyttargruppa for god instruksjon. Bogeskyting i Dølheim er kjekt for dei som møter der. Det er interessant å sjå barna sin framgang etterkvart som dei mestrar teknikken. Også i år vart det sykkelaktivitet ved Øen kjøleservice. Det var nokon av barna som oppnådde svært god idealtid. Det vil seie at dei sykla to rundar på nesten lik tid. Vi hadde ein ettermiddag med friidrett på raudedekket. Takk til friidrettsgruppa for at vi fekk vere med. Siste aktivitet før sommaren var kanopadling ved Grobygget. Veret var nokonlunde bra, litt småbølger, men barna var ivrige og takla dette fint.

HAUSTHALVÅRET HADDE VI 61 PÅMELDE BARN FRÅ 1. TIL 6. KLASSE.

DETTE ER AKTIVITETANE VI GJENNOMFØRTE:

Vi starta trimhausten med ein planlagd tur til Tussen. Veret var dårleg og deltakinga enno dårlegare... Eit stk styremedlem med barn tok ein liten svipptur opp mot Tussen. Betre deltaking var det på turen til Kjøsahalsen der alle fekk sjokolade å bite i og vi leika "gøyme og leite" før returen. Dette har blitt ein tradisjon på desse turane, og vi vil tru at mange barn kjem til å forbinde

Kjøsahalsen med denne leiken når dei blir større. Vi hadde to turar til Stryn for å bade og ein kveld i hallen med ulike aktivitetar. Bogeskyting vart det også denne hausten, dei som stilte på hadde det veldig kjekt. Vi hadde ei barmarkstrening i Grendadalen ilag med skigruppa i slutten av november. Ei fin opplading til skisesongen.





Facebook-sida for barneidrettskulen fungerer fint. Foreldre får påminning om aktivitetar, noko som aukar deltakinga på mange av aktivitetane. Vi takkar foreldre for støtte og hjelp under gjennomføring av aktivitetane. Vi er glade for at fleire familiar stiller mannsterke, det er kjekt å vere aktive ilag. Å utfalde seg i trygge omgjevnader saman med andre barn og vaksne gjev eit godt grunnlag for positive "trim"-opplevingar. Vi håpar våre aktivitetar bidreg til at barna finn glede i å bruke kroppen og få opp pulsen.

Styret for barneidrettskulen  
v/ leiar Reidunn Otterdal

## 9. Årsmelding Hornindal Rundt 2018



# HORNINDAL RUNDT

---

Norway's toughest mountain race

Denne manglar i skrivande stund